



NU-kontakt

Meldingblad for Noregs Ungdomslag, nr 1/2009

Denne sendinga inneheld

- NU-kontakt
- Giro for innbetaling av kontingent (NU)
- Førebels innkalling og sakliste til årsmøte i NU
- Fullmaktsskjema, årsmøte i NU
- Søknadsskjema, Frifond

Norsk Amatørteaterfestival 09

4.-10. mai, Det Norske Teatret i Oslo

Ti råsterke og speleklare teatergrupper deltek i år på teaterfestivalen på Det Norske Teater. I tillegg til ein Halvdan Sivertsen-kabaret, ein svart komedie og åtte andre svært ulike framsyningar, blir det teaterkurs, monologkonkurranse, utdeling av Huldaprisen, og eit seminar om fattigdom og kulturorganisasjonar.

www.teaterfestival.no

Noregs Ungdomslag i samarbeid med Det Norske Teatret

NUR 2009

27. - 29. juli møtes ungdomar mellom 14 og 26 år til leir med kurs og sosialt samvær på Hamar i dagane i framkant av Folkekulturfestivalen. Her blir kurs i re-design av klede, folkelig dans frå 1900-talet, folkemusikk og teater!

Noregs Ungdomslag er svært glade for at vi har fått i gang eit godt samarbeid med fylkeslaga for å sikre gjennomføringa av NUR. Per 21. april har desse fylkelaga bidratt med økonomisk stønad: Vest Agder UL, Rogaland UL, Fylkeslaget Eidsiva, Oppland UL, Hålogaland UL og Hordaland UL. Takk takk!

www.folkekulturfestivalen.no

Påmeldingsfrist: 1. juni

Søk om Frifondstøtte!

Søknadsfrist for frifondtilskot 2009 er 1. mai.

Vi ønskjer at alle lag som har aktivitetstilbod for barn og ungdom under 26 år søker om tilskot frå frifond.

Send søknad no, det hastar.

Årsmøte i NU 30.-31. juli

I denne lagssendinga finn de innkalling og førebels sakliste til årsmøtet. Møtet finn stad på Hamar i samband med Folkekulturfestivalen. Årsmøtelokala er på Høgskulen i Hamar. Tidsrammene for møtet er torsdag kl. 09.00-18.00 og fredag kl. 09.00-17.30. Endeleg sakliste og sakspapir vert lagt på heimesida www.ungdomslag.no i veke25. Papirutgåve vert sendt til årsmøtorepresentantane. Frist for å sende inn fullmaktsskjema er 20. juni. Framlegg til saker på årsmøte må vere melde skriftleg til styret i Noregs Ungdomslag seinast 8 veker før årsmøtet. Framlegg til lovendingar seinast 3 månader før årsmøtet, dvs. 29. april. Velkomen til Hamar!

Delta på Framsyningskappleik!

NU inviterer kvart år dansegrupper til å delta på Framsyningskappleik. Kanskje har de allereie øvd inn ei framsyning? Kappleiken blir på laurdag 1. august, under Folkekulturfestivalen. Vil du delta med gruppa di? Meld dykk på til synnove@ungdomslag.no innan 1. juni.

Medlemskontingent 2009

Vedlagt denne sendinga er det faktura for medlemskontingent for 2009. Kontingenten er rekna ut etter tal medlemmer som laget har registrert i medlemsbasen. Sjå utrekningsgrunnlag på fakturaen.

Viktig at lag brukar kidnummeret som står på fakturaen ved betaling.

Folkekulturfestivalen 09

29. juli - 02. august, Hamar

Legg sommarturen innom Hamar for kulturelt påfyll! Her kan du mellom anna oppleve stor nattkonsert i ruinkyrkja, Hamardomen.. Her kjem Sinikka Langeland, Torill Nybrott, Tone Hulbækmo og Hans Fredrik Jacobsen. Over Stok og Steen skal spele til dans på Ball og Leikfest, og fredagen blir det mogleg å danse runddans og bygdedans i fleire salar til musikk frå mellom anna Nordisk mester i folkemusikk; Olav Luksengård Mjelva! Laurdagen er sentrum fylt med folkedansarar, og *Sans for dans* er klar for Noregspremiere på danseforestillinga si.

www.folkekulturfestivalen.no

Påmelding for kurs og turar: 1. juni

Noregs Ungdomslag

Telefon 24 14 11 10

Faks 24 14 11 01

post@ungdomslag.no

Adresse

Tollbugata 17

Pb. 414 Sentrum

0103 Oslo

Bank: 8101 07 00027

Org.nr: 939 550 550

www.ungdomslag.no

Utstilling i Kulturminneåret!

I samband med kulturminneåret arrangerer Noregs Ungdomslag og Norske kulturbygg (tidl. Norske Lagsbruk) ei utstilling med tittelen: Ungdomshuset – kulturbygget, historisk – i dag – for framtida.

Målet for utstillinga er å formidle kulturminneverdiane som ligg i ungdomshusa, skapt av vanlege folk med stort engasjement og frivillig innsats. Det som med rette blir kalla den demokratiske kulturarven. Det er også eit mål å synleggjere den viktige rolla og moglegheitene desse husa har i framtida.

Utstillinga vert opna tysdag 4. mai kl 12.30 i foajeen på Det Norske Teatret og skal stå under Norsk Amatørteaterfestival 2009, og skal sidan ut på turné.

Utstillinga har fått støtte frå Kulturminneåret 2009.

Ny generalsekretær frå 1. juni

Eli Ulvestad er tilsett som ny generalsekretær frå 1. juni. Ho har jobba både i offentleg og frivillig sektor, sist i Barneombodet. Eli er frå Sunnmøre og har vore aktiv i NU både lokalt og sentralt. Ho har m.a. vore med i ei rekkje utval når NU har trengt å få utgreia spørsmål om lovverk og organisasjonsstruktur. Inn i jobben tek ho med seg balast m.a. frå jobben som assisterande generalsekretær i Landsrådet for Noregs Barne- og ungdomsorganisasjonar som også Noregs Ungdomslag er med i. Til Nationen fortel at ho trur på å gje unge arbeidsoppgåver og tillit. Les heile intervjuet med Eli på heimesida til NU.

Kven veit? 2009 Sluttresultat

I år får vi gleder av å dele ut premie til mange vinnarar av Kven veit? Både i seniorklassen og i juniorklassen vart tredjeplassen delt.

Senior

1. plass: Vågå UL
2. plass: UL Fram, Rogne, lag B
3. plass: Hordalaget i Oslo og Røros folkedanslag

Junior

1. Nordsinni UL
2. Rand UL
3. Bodø UL lag B og Hellesylt UL lag A og lag C.

Gratulerer og takk til alle som har delteke i tevlinga.

Noregs Ungdomslag

Telefon 24 14 11 10
Faks 24 14 11 01
post@ungdomslag.no

Adresse

Tollbugata 17
Pb. 414 Sentrum
0103 Oslo

Bank: 8101 07 00027
Org.nr: 939 550 550

www.ungdomslag.no